

Hard dag på Grønland

05.05.2010

Dag nummer 10 for Grønland-ekspedisjonen vart ein hard dag med flatt lys og det rapportøren rett og slett kallar drittver.

Frå morgonen av var det veret bra, men det vart dårleg utover dagen og det vart slitsamt.

Deltakarane var så slitne at dei ikkje orka å ha den vanlege samkoma i storteltet.

Det bles vanvittig heile dagen og dei kom ikkje fram før klokka 18. Rapportøren seier at dei gjekk i ein ulldott heile dagen utan å sjå skilnad på himmel og jord. Når det er varmegrader og sterk vind suger pulkaene til seg vatn og vert svært tunge.

Deltakarane hadde liten eller ingen kontakt med kvarandre og bortsett frå å høyra på eigen pust var det godt å høyra på musikk eller ei spanande lydbok. Likevel gjekk dei 26,5 kilometer.

No er dei oppe i 2.244 meter og lørdag 8. mai skal dei etter planen nå det høgste punktet som er 2.500 meter før det tar til å gå nedover.

Det er ingen vermeldingar for området der ekspedisjonen går, men snittet for alle meldingar for Grønland framover er positive.

På den andre sida lagar breen sitt eige versystem!

Av Ola Matti Mathisen